

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
Lars Hillesgate 22  
5020 BERGEN

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

24/387-1/K2-A40/MHH

**Direkte innval:**

**Dato:**

08.05.2024

## Høyringsuttale frå formannskapet i Ulvik herad til forslag til heilskapeleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune sitt høyringsforslag til heilskapeleg tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland inneber ein reduksjon i tal elevplassar i heile fylket på 668 i 2035, målt mot tal plassar for skuleåret 2024/2025.

Elevar busett i Ulvik herad søker seg i hovudsak til dei vidaregåande skulane på Voss, då det gjev kortast reiseveg og moglegheit for å bu heime. Eit breidt fagtilbod, gode kompetansmiljø og opplæringsmiljø er avgjerande for vår utvikling. I planforslaget blir meir enn 10% av reduksjonen i tal plassar tatt frå skulane på Voss.

Ulvik herad meiner det er svært viktig for tilbodet vidare at:

- Breidda i tilboda vert oppretthalde
- Ta omsyn til synergieffektane mellom fagspesifikke liner og konsekvensane for kultur- og idrettslivet i lokalsamfunnet
- Akseptere fleire tomme elevplassar enn i meir folkerike strók.

Prinsippa og mandatet for ein ny heilskapeleg plan slår mellom anna fast at:

- *den desentraliserte skulestrukturen skal vidareførast og at elevane skal ha tilgang på variert opplærings- og linjetilbod i sitt nærrområde*
- *nytta eksisterande bygningsmasse på ein effektiv måte*

Økonomi aleine kan ikkje vere styrande for breidda i fagtilboda på dei vidaregåande skulane i distrikta, noko planutkastet i stor grad er basert på. Fylkeskommunen har dei seinare åra investert til saman meir enn 1 mrd i nye vidaregåande skular på Voss. Det er bygd spesialrom for for kreative fag. Då gjev det ikkje meining at ein kort tid etterpå skal fjerne dei same tilboda.

Det viktigaste av alt er likvel moglegheitane vi gjev ungdommane våre. Reduksjon i kultur- og idrettstilbod kan føre til auke i fråfall. Ei auke i søknaden til yrkesfag kan ikkje løysast med auke i tilbod på studiespesialiserande. Våre ungdommar som ønksjer ein kreativ ykresveg må flytte til Bergen som 16-åringar. Dette er ei sterk svekking av retten til opplæring i nærleiken av der ein bur, og ei svekking av kultur og kreative miljø i distriktet.

Ny opplæringslov og fullføringsreforma legg vekt på auka rett til omval og rett til fullføring, og utvida rett til opplæring for vaksne. Tilbod i nærleiken av heimstaden vil for mange avgjere om dei klarar studiekompetanse eller yrkeskompetanse.



Hardanger

E-post  
[post@ulvik.kommune.no](mailto:post@ulvik.kommune.no)  
Ulvik herad, Skeiesvegen 3,  
5730 Ulvik

Telefon  
56527000

Bankkontonr  
3450 19 70001

Organisasjonsnr  
971 159 928



Både privat næringsliv og offentlig sektor manglar fagkompetanse innanfor fleire fagområde, og må finna nye løysingar for framtida. Her er samspelet mellom fagkompetanse, kreativitet og nytenking særskild viktig. Då må dei kreative faga vere ein del av mangfaldet og moglegheitane i distriktet.

Ulvik herad vil i tillegg peike på at:

- smedlina på Odda vidaregåande er ei landsline innanfor eit heilt spesielt fagområde som vil få auka behov i åra som kjem. Auka fokus på berekraft og handverk, i kombinasjon med styrking av rettane til omval, fullføring og opplæring for vaksne vil gjere tilbod som dette meir aktuelle.

Ein heilskapeleg plan for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må vere eit verktøy for utvikling og vekst i heile fylket, og svare ut dei kompetanseutfordringane og behova ein løftar fram i overordna regionale utviklingsplanar. Sparetiltak og sentralisering er ikkje rett grunnlag for eit framtidsretta opplæringstilbod.